

Referat frå soknerådsmøte 27.01.2016, kl.19.00.

Møte blei holdt i presteboligen (heime hos Torstein), saman med biskop Stein Reinertsen, prost Asgeir Sæle, diakon Eilev Erikstein og einfrå bispedømmekontoret.

Møtet vart åpna v/formann Håkon som las eit bibelvers.

Tilstades: Hans Kristian Åbø, Marit Gotuholt, Magnhild Kvalbein, Inger Lise Berge, Vidar Syrtveit Mikalsen, Reidun Fisketjønn, Hanne Roholdt, Håkon Birkeland, Torstein Nordal, Gunn Karin Eikåsen.

Sak 01/16. Innkalling og saksliste.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 02/16. Godkjenning av referat soknerådsmøte 9.12.2015.

Ingen merknadar til referatet, vart godkjent.

Sak 03/16. Post og meldingar.(kva som har skjedd i soknet sidan sist)

1. Ny messehagel «undervegs» til Kviteseid kyrkje.
2. Orientering ang. Klimaveke.
3. Bispevisitas I Kviteseid f.o.m.26/1 t.o.m.31/1 2016. Tett program m/besøk på skulane, ulike arbeidsplassar, møter o.l. Gode tilbakemeldingar.
4. Takkebrev frå ulike mottakerang.offergåver.

Sak 04/16. Plan for trusopplæringa v/ Stine Beate MondalLjostad.

Stine Beate kom ikkje av ulike årsakar.

Vidar orienterte. Eittilbod for barn frå 0-18 år. Viktig åhaldekontinuiteten, avdi 3 medl. går ut, må ha inn att 2. Samarbeid på tvers av ulike meinighetar, ikkje konkurere, er ikkje så store forhold.(kommune) vanskelegt og gjetilbod for barn etter 15år. Interkommunalt samarbeid mest aktuelt etter konfirmasjonsalder. Kombinasjon ungdom og diakoni??

Sak 05/16. Visjonar og mål. Kor er vi..

Innleiing v/Torstein.(visitasmelding sendt ut på forhånd)

Kommentarer: -lærerik og flott visitasmelding.

- bekymring over att Hallvard og Torstein sluttar.
- vanskelegt å tenke konkret framover
- nytt sokneråd.....
- ha eit felles mål
- soknerådet må verrepådriverar, legge» føringar», sjå det som moglegheit og utfordringar.
- Fåein god prest som ser eit godt engasjement blant kyrkjelyden.

Sak 06/16. Val av representant til Kirkens SOS.

Marit Gotuholt sa seg villig til vervet, Ho møter også på årsmøtet 8/3 2016.
Val av 2 utsendingar til årsmøtet i Diakoniutvalget 3/4 2016, kl.16.00. Finne kandidatar til neste møte.

Sak 07/16. Offerformål 2016.

Basert på fjorårets liste då det ikkje hadde kome inn bemerkningar/negative tilbakemeldingar.(litt tradisjon) Skjer det en naturkatastrofe skal offergåva gå dit.
Samrøystesvedteke.

Sak 08/2016. Eventuelt.

- Når kjem utlysning av ny prest? I vårt bispedømme skal det reduserast med 5 stillingar, skal gjerast et budsjett justering i februar, og den vert lyst ut etter då. Blir ei halv vikarstilling etter Torstein sluttar.ein vikar eller ny prest frå august. Ikkje messefall om den vert vakant etter Torstein og fram til ny tilsetting. Spørsmål om Hallvard kan gå i full stilling framover. Utlysningstekst, profil, tenke fram til neste soknerådsmøte 2/3 2016.
- Presteboligen har inga buplikt lenger. Vil ha einbudstad å tilby, så vert eventuelt ikkje selt før etter tilsettinga av ny prest.
- Konsert. Informasjon om ein eventuell konsert med Maria Arredondo i april. Soknerådet stiller seg positive.
- Kyrkjekaffe 31/1 2016. litt praktisk informasjon i forhold til dette.
- Avskjedsgudsteneste for Torstein 13/3 2016.
Planleggingskomite: Håkon, Magnhild og Inger Lise.
- Årsmøte vert 6.mars i Vrådal.
Årsmelding, rekneskapfrådei ulike sokna, og div utval. Skal godkjennast av soknerådet, og leggas fram for kyrkjelyden.
- Fasteaksjonen 15/3 2016.
Konfirmantanesamlar inn.
- Frivillighetssentralen – Vidar orienterte.
Kan få ein halv million frå staten, søknadsfrist i mars, Må ha eit styre bak søknaden, så skal velgasteit interimsstyre i februar.

Neste møte 2/3 kl. 19.00, kommunehuset.

Ref. Gunn Karin Eikåsen